

Informasjon om Naturkulturen

10. – 12. Juni 2022

No nærmer det seg naturkulturen og her kjem brev med informasjon om kva du skal ha med deg, og forskjellige tidspunkt de treng. Det meste er klart og me i kyrkja gler oss! Per i dag er det 15 veldig kjekke ☺ deltakarar, og 5 vaksne (ganske kjekke) leiarar.

Plassen me skal til ligg i nærleiken. I år skal me nemleg til Bu grendahus. Der er eit fint uteområde som me kan sette opp lavvo, me skal sove i. Men me har huset på lur, dersom det skulle vere for vått. Me satsar framleis på at vêrmeldinga snur og me får solskinn i helga ☺

Nå har me som utgangspunkt at alle påmeldte blir med, men kjem noko i vegen, vil me gjerne vite det snarast.



Tidspunkt og turen i grove trekk:

Fredag 10. Juni kl. 16.45 Oppmøte ved Bu grendahus

Rutebussen frå Eidfjord sentrum går kl. 16.13. Så har du ikkje høve å køyre sjølv, kan du ta bussen.


Fredag kveld og laurdag er me i leirområdet og held på med forskjellige aktivitetar der. På laurdag skal me gå tur til Busnes (naustene på Bu). Der er det høve å bade i sjøen for dei tøffe.

Søndag er det gudsteneste ved Bu grendahus kl. 11.


Kjekt dersom så mange foreldre som mogleg har høve å vere med. Det er alltid ekstra koselig med gudsteneste på Bu. Etter gudstenesta er det felles kyrkjekaffi før alle reiser heim. Når det gjeld bading, vil me vere strenge på det. Det skal alltid vere ein eller fleire vaksne leiarar med under bading. Dette er det viktig at alle veit om. Ingen deltakarar eller unge leiarar skal bade aleine. Håper at foreldre tek kontakt dersom bading ikkje er aktuelt for deltakaren.

Utstyrsliste. (Må ta med!):

- Varm Sovepose
- Underlag
- Godt regntøy (bukse og jakke) ved behov
- Toalettsaker
- Handkle
- Gode sko
- Lue
- Tjukk genser



- Jakke/ anorakk
- Ekstra genser
- Ekstra bukse
- Ekstra undertøy og fleire par sokkar
- Badetøy
- Solkrem
- Liten tusekk
- vannflaske



PS: Pakk kle i posar og ta med ekstra posar til våte og skitne kle.

Kan ta med:

- Fotoapparat/Mobil – Men hugs at det er begrensa moglegheiter å lade mobilen under opphaldet.
- Moderate mengder snop/snacks **ikkje ta med energidrikk.**

Deltakaravgift

Kr. 300,-

Dette dekker: Aktivitetar – Mat. Alt utover dette sponsar Eidfjord sokneråd.

Sett inn på Eidfjord sokneråd sin konto **3450.10.72585**. Eller VIPS til Eidfjord kyrkje 127865
Betalingsfrist er 10. Juni. Merk overføringa med «Naturkul 2022 + namn på deltakar»

Vi sjåast 10. Juni!

Helsing Manuela og dei andre leiarane

Mail: manuela@eidfjordkyrkje.no Mobil: 40216611